



Referat Rovernemndsmøte 6. – 8. november 2015

Rovernemndsmøtet starta laurdag 7. november kl. 09:50 på Speidersenteret i Bergen. Møtet vart heva sundag kl. 13.20.

Tilstade:

Martin Grønfjell

Marta Nagel-Alne

Torkel Reinertsen

Erik Ettner Sanne

August Sørлие Mathisen (vara for Kaja Marie Leversund)

Karen Undheim (var med på sak 24, var elles fråverande grunna sjukdom)

Sak 21/15: Konstituering

21.1 Godkjenning av innkalling og saksliste

- Innkalling og saksliste er godkjent.

21.2 Val av referent

- Marta valt til referent.

Sak 22/15: Oppdatering

22.1 Oppdatering frå kretskontaktane

- Mange av roverkretskontaktane deltok på roverkretskontaktsamling i oktober. Det er nye kontaktar i nokre av kretsane. Nemnda skal i tida vidare arbeida med å utforma ei handbok for roverkretskontaktane.

22.2 Oppdatering frå dei komande nasjonale roverarrangementa

22.2.1 Roverball

- Det er mange påmeldte, og planlegginga går bra.

22.2.2 Roverkongress

- Lokalkomiteen har hatt ein god start, og har det meste praktiske på plass. Rovernemnda har teke til med vår del av planlegginga.

22.3 Oppdatering frå Martin

- Nemndsledar har informert om ulike representasjonar den siste tida.

Sak 23/15: Evaluering av Roverfemkamp 2015

- Arrangementet blir evaluert av nemnda og lokalkomiteen.

Sak 24/15: Evaluering av Roverkontaktsamlinga 2015

- Nemnda har evaluert arrangementet, og diskutert positive og negative erfaringar.

Sak 25/15: KFUK-KFUM-arrangementet Spekter 2016/2017

- Rovernemnda har diskutert korleis me skal forholde oss til festivalen. Me kjem ikkje til å arbeida for ein roverleir på same tid og stad. Samtidig er me positive til arrangementet og eit eventuelt samarbeid av anna art.